

Ekstrem fjøre, pass på fortøyningane

20.04.2011



Fjøra er ekstrem og blir enda lågare

Det er ekstremt stor fjøre, det blir sagt at tidevatnet ikkje har vore så lågt på 30 år. Botnen blir nådd utpå kvelden laurdag. Båteigarane bør passa på at fortøyningane er lange nok.

Det er leiar Harald Erdal og hamnevert Johan Sunde i Uskedalen Båtlag som kjem med dette rådet når dei ser til at gjestebåtane i hamna kjem greitt på plass i kveld.

Innrykket er ikkje spesielt stort med tanke på at dette er onsdagen midt i påskeveka.

Fram til klokka 21 har det kome berre 16 gjestebåtar og dei undrar seg litt: Kvifor kjem det ikkje fleire båtar no når påskan er så sein og det er så fint ver.?

Det er heller ikkje noko som tyder på at båtfolket har reist vidare til den nye båthamna i Rosendal.

- Men vi skal ikkje klage. Vi skal glede oss over dei som besøkjer oss. Alt tyder på at dei kosar seg, seier Erdal og Sunde, som kan lokka med ei triveleg og nyoppussa båthamn.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Stemningsfullt i båthamna i kveld, men ikke stort innrykk